



Haugen VVA AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2886 - 19/32925

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.11.2019

Løyve til endring av godkjend tiltak - gbnr 196/4 Midtgård

Administrativt vedtak: Saknr: 637/19
Tiltakshavar: Fløssvika Utvikling AS
Ansvarleg søkjar: Haugen VVA AS
Søknadstype: Søknad om ending av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3/20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til etablering av veg og anlegg for vatn og avløp på gbnr 196/4, jf. administrativt vedtak saknr. 030/19 datert 11.01.2019.

Endringa gjeld følgjande forhold:

1. Vasskum V3 og hydrant HY2 plassert ved f_SPP4.
2. Stikk for framtidig omlegging av eks. leidningar frå gnr. 195 bnr. 61 og 239 (Felt BFS6) er lagt om.
3. Etablering av slamavskiljar i starten av gangveg o_SGG1. Utløp knytast til eksisterande utløpsleidning frå dagens slamavskiljar.
4. Ny kum S3 og S5 etablerast i forbindelse med slamavskiljar.
5. Ny spillvatn pumpeleidning for eksisterande bustader i felt BFS5 og nye bustader BFS7 er teikna inn i VA-plan.
6. Stikk frå kum S5 til ny kum SP5-mini for framtidig tilkopling pumpeleidning.
7. Eksisterande vassleidning ved slamavskiljar er lagt om.

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.10.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 25.10.2019 og frist for sakshandsaming er 3 veker, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7 8.ledd.

Planstatus



Tiltaket ligg i regulert område innanfor reguleringsplanen for Fløsvika gbnr 196 bnr 4 m.fl med planid 1263-201009. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plan og krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Kommunen vurderer at nabovarsel kan unnlatast då arbeidet i lita grad berører naboar sine interesser. Vi har lagt til grunn at endringssøknaden gjeld etablering av ny slamavskiljar og andre mindre endringar, at tiltaket ligg på eigen grunn og at tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i vass- og avløpsplan, teikning nr GH01, sist revidert 25.01.2019.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Det vert lagt til grunn at omsøkt tiltak er i samsvar med godkjend teknisk plan for veg og VA, jf sak 18/2017 og godkjenning av reviderte og nye teikningar til Fløsvika bustadfelt datert 12.02.2019.

Endringa vert godkjend slik det er søkt om.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 20-3 vert det gjeve løyve til endring av tiltak i samsvar med søknad mottatt 25.10.2019 og på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i vass- og avløpsplan, teikning nr GH01, sist revidert 25.01.2019, jf. pbl. § 29-4/SAK § 6-3.**
- 2. Vilkår som er gitt i administrativt vedtak saknr. 030/19 datert 11.01.2019 gjeld.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløssvika Utvikling AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND
Fløssvika Utvikling AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND
Haugen VVA AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN

Mottakarar:

Haugen VVA AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
---------------	--------------	------	--------